

Vilkår for tildeling av heimesjukepleie

LOVGRUNNLAG:

- Lovgrunnlag: *Lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m. § 3-1 første ledd jf. § 3-2 nr. 6 bokstav a (helsetenester i heimen) og bokstav b (personlig assistanse, herunder praktisk bistand og opplæring)*
- *Lov om pasient- og brukarrettigheiter § 2-1 a*

FØRESETNADAR:

- Henvending frå brukar, pårørande, helse- og sosialpersonell. Eigensøknad må føreligge.
- Søkar må bu eller opphalde seg i kommunen.
- Søkar må ha ein akutt eller kronisk sjukdom og/eller funksjonshemning som medfører behov for sjukepleie i eigen heim.
- Søkar må ha eit særleg hjelpebehov på grunn av sjukdom og/eller funksjonshemning.
- Saksbehandlar føretar ein individuell heilskapsvurdering av søkerars helsetilstand og behov for helseteneste.

VILKÅR:

- Søkar treng hjelp til personlig stell, av- og påkledning, toalettbesøk, hjelp til å stå opp og legge seg.
- Søkar treng oppfølging og observasjon av forskreve medikamentell behandling eller administrering av smertebehandling.
- Søkar treng hjelp til tillaging av mat og hjelp ved måltid. Det føresett at søker har ferdig middag og mikrobølgjeomn for oppvarming.
- Søkar treng hjelp og opplæring til sår behandling når vedkommande er helt ute av stand til å nytta legekontor for slik oppfølging.
- Søkar har behov for medisinsk oppfølging eller opplæring som eksempelvis stomipleie, surstoffbehandling, sondeernæring og kateterisering.
- Søkar er alvorlig sjuk eller døyande og treng lindrande behandling og omsorg.

Brukar med rehabiliteringspotensiale får tildelt tenesta i ein periode til de er i stand til å utføre oppgåva sjølv.

Føresetnadane skal alltid vere innfridd og minst eit av vilkåra må være til stade for at vedtak om hjelp skal fattas.

Heimesjukepleie – beskriving av tenesta

HJEIMESJUKEPLEIE INNBER:

- Nødvendig helsehjelp ut frå ein laupande individuell vurdering.
- Heimesjukepleie kan ytas heile døgnet.

Dersom brukar er i stand til å motta hjelp på legekontor for sår stell og injeksjon så skal dette nyttas.

OVERORDNA MÅL:

Bidra til at innbyggjarane i Hjelmeland kommune kan bu heime så lenge som mulig.

Sikre nødvendig helsehjelp til alle som til ein kvar tid oppheld seg i kommunen.

Førebyggje behov for heildøgns butilbud.

SERVICEMÅL:

Behov for helsehjelp vil bli vurdert innan 24 timer etter mottatt søknad.

Brukar får hjelp av kvalifisert helsepersonell.

Brukar får beskjed dersom det blir endringar i forhold til avtalt tid for hjelp.

Tenesta vil bli fortlaupande vurdert.

- Dei som treng hjelp til personlig stell skal etter behov:
 - Gis nødvendig hjelp til å stå opp og legge seg.
 - Gis hjelp til å kle på og av seg.
 - Gis nødvendig hjelp til dusj.
 - Gis nødvendig hjelp til personlig vask/stell morgon og kveld.
 - gis hjelp til tannpuss.
 - Gis nødvendig hjelp til å vaske håret.
 - Gis nødvendig hjelp til barbering.
 - Gis nødvendig hjelp til å ete.
 - opprulling av hår og fotpleie inngår ikkje i tenesta. Dette må føretas hjå frisør eller fotpleier.

KVA FORVENTAS AV BRUKAREN:

- Gi beskjed dersom brukaren ikkje er heime til avtalt tid.
- Sørge for framkomelegheit til bustad.
- Holde husdyr i anna rom eller i band ute.
- Ikkje røyke når personalet er til stades.
- Gi beskjed om endring i helsetilstand og eventuelt hjelpebehov.
- Legge til rette for gode arbeidsforhold og installering av tekniske hjelpemiddel.
- Flytande handsåpe og tørkerull må vere tilgjengelig for personalet.
- Oppgåver brukaren sjølv kan utføre inngår ikkje i tenesta.
- Vise forståing for heimesjukepleias prioriteringar i forhold til tidspunkt for hjelp.
- Gi tilbakemelding til einingsleiar dersom brukaren ikkje er nøyd med tenesta.

Tenesta er gratis. Utføres det praktisk bistand utover personlig stell og eigenomsorg, må det søkas om tenesta praktisk bistand - daglige gjøremål, og det vil krevjast eigenbetaling etter gjeldande satsar vedtatt i kommunestyret.